



KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2018

Harald Thingnes i NRK Sport fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i år. Det kom inn 18 framlegg.

- Når det kjem ein fjernsynsreportasje av Harald Thingnes, veit du at du får meir enn eit reint sportsreferat. Du får eit kvalitetsprodukt både språkleg og journalistisk, sa leiaren for juryen, Solveig Barstad, då ho overrekte prisen i Aasantunet 8. juni 2018.

Magni Øvrebotten

18.10.2018



Overskot av humor og forteljarglede

– Harald Thingnes sine ord og bilete smeltar mange gonger saman til rein forteljarkunst, og blir trekt fram som døme på noko mange kan strekkje seg etter, uansett målform. Thingnes har eit overskot av humor og forteljarglede som når langt fleire enn dei mest sportsinteresserte, sa juryleiar Solveig Barstad då ho 8. juni overrekte Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2018 til Harald Thingnes. Prisen vert kvart år delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta.



Juryen for prisen la vekt på at det er leik med ord, og samspelet mellom orda og bileta, som er varemerket til journalisten Harald Thingnes, same kva han lagar sak om.

Harald Thingnes har arbeidd i NRK Sporten i 20 år. Før det var han tre år i nyhendeavdelinga i TV Norge. Han vaks opp i Vevring i Naustdal kommune, og ifylgje juryen nyttar han nynorsk normaltalemål med ein klar sunnfjordfarge.

Sportsjournalisten har gjennom heile livet hatt eit sterkt forhold til nynorsk. Han hugsar tilbake til ungdomsskulen, då ei jente i klassen hans skifte hovudmål til bokmål.

- Det rokka ved heile identiteten min. Vi frå Naustdal i Sogn og Fjordane skal jo skrive nynorsk. Det var utan tvil ein vekkjar, sa Thingnes som ikkje ser det som eit alternativ å skrive noko anna enn nynorsk.

- Heller ingen av søskena mine har vike ein tomme frå nynorsken. Alle meldingar mellom oss er på nynorsk. Dei hadde nok reagert kraftig om eg hadde tulla med det – så det torer eg ikkje, smilte Harald Thingnes. Store

delar av familien frå Sunnfjord og Nordfjord hadde kome til Aasantunet i Ørsta for å heidre prisvinnaren.

– At dei kom hit i dag er like rørende som å få prisen. Vevring er ikkje akkurat rett borti vegen her, og mor mi er fødd i 1930. Det varmar meg veldig at dei har reist så langt for meg, sa Harald Thingnes.



Harald Thingnes saman med dei i familien, som hadde teke turen til Ørsta. Frå venstre mor Magny Thingnes, svoger Klemet Bø, syster Dagrunn Thingnes, kona Cathrine Torsvik Thingnes, bror Ola Dag Thingnes og syster Aslaug Thingnes Bø. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu.

Song av Moldestad og kunst av Torsheim

I år vart prisutdelinga opna med song og felespel av Sigrid Moldestad, med tonefylgje av Jørgen Sandvik på gitar.

Kunstverket som fylgde med prisen var trykket «Morgon i Sunnfjord» av kunstnaren Oddvar Torsheim, som kjem frå Thingnes sin heimkommune, Naustdal. Vidare fekk prisvinnaren to diplom, eitt til seg sjølv og eitt til redaksjonen han arbeider i. Og 50.000 kroner skattefritt.

Det kom inn 18 framlegg om 17 namn til kven som burde få Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2018. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk. Og som er eit føredøme for andre.

Prisen har vore delt ut sidan 2006, og vore delt to gonger. Av dei femten prisvinnarane arbeider åtte i avis og sju med kringkasting.

I juryen for prisen er Solveig Barstad, TV 2, leiar. Ho har med seg professor Øystein A. Vangsnes ved Universitetet i Tromsø/Høgskulen på Vestlandet og Inger Johanne Sæterbakk. Sistnemnde var nettredaktør i Norges Bondelag då prisen vart delt ut, og byrja nyleg som språkkonsulent på Det Norske Teatret.

Grunngjevinga frå juryen:



Juryen: Inger Johanne Sæterbakk, Øystein A. Vangsnes og Solveig Barstad Foto: Brit Jorunn Svanes

Harald Thingnes har vore ein markant historieforteljar i NRK-sporten i 20 år. Han har like lenge, med nokre unnatak, vore nærast ein einsleg minoritet som nynorskbrukar i den bokmålsdominerte sportsredaksjonen. Thingnes har såleis vore eit føredøme for alle nynorskbrukarar som har kome til, og han har vist at nynorsk er svært dugande som "sportsspråk".

Når det kjem ein fjernsynsreportasje frå Harald Thingnes, veit du at du får noko meir enn eit reint sportsreferat – du får ei kvalitetsprodukt både språkleg og journalistisk. For det er nettopp leik med ord, og samspelet mellom orda og bileta, som har vore Harald Thingnes sitt varemerke, anten han rapporterer frå eit verdscuprenn i langrenn i Tyrol eller frå ein cupkamp i fotball i Alvdal. Ofte ser han noko i eit bilete som han på forunderleg vis kan spele på i forteljinga. Thingnes sine ord og bilete smeltar mange gonger saman til rein forteljarkunst og blir trekt fram som døme på noko mange kan strekkje seg etter, uansett målform. Thingnes har eit overskot av humor og forteljarglede som når langt fleire enn dei mest sportsinteresserte.

Harald Thingnes er oppvaksen i bygda Vevring i Naustdal. Han er språkleg trygg og nyttar nynorsk normaltalemål med ein klår sunnfjordfarge. Harald Thingnes er ein verdig vinnar av Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2018.

Takketalen til Harald Thingnes:



Eg er audmjuk og takksam for å få denne prisen. Det er også nesten litt flaut, for eg føler det er så mange som er flinkare enn meg. Men mest av alt er eg stolt. Tusen takk!

Då juryleiar Solveig Barstad ringde meg tidleg i mai og lurte på kva eg skulle 8. juni forstod eg naturleg nok ingenting. Heller ikkje då ho sa noko om Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar ringde det ei einaste bjølle.

Eg heldt på med på å pusse opp heime, var heilt inne i den bobla, og hadde like før snakka med ein rørleggar som hadde ambisiøse planar for kjellaren min. Eg forstod ikkje alt han sa, men nok til å skjøne at dette blei dyrt. Minuttet etter ringde altså Solveig for seie at denne prisen er på mellom anna 50.000,-. Då vakna eg! Dette var TV2 Hjelper deg på sitt absolutt beste!

Eg hugsar at eg blei lei meg ein dag på ungdomsskulen. Ikkje fordi eg blei mobba, var ulukkeleg forelska eller fekk ein dårleg karakter. Nei, det var ei i klassen som skifta hovudmål. Det at ho bytte til bokmål rokka ved heile identiteten min. Vi går på Naustdal skule i Sogn og Fjordane - vi skal jo skrive nynorsk! Eg følte også nynorsk var i vinden. Olav Stedje hadde hatt "Vi vandrar saman" på Norsktoppen i to månadar, og eg var stolt av både Olaven og språket mitt.

Sjølv om det var ein litt trist dag var det også ein vekkar. Eg fann ut at eg definitivt har ein identitet som er knytt til nynorsken. Ikkje sånn å forstå at eg har vore ein nynorskaktivist etter den tid, men det var utan tvil ei bevisstgjerung.

Den har eg med meg kvar einaste dag. Eg bur i Oslo, har nesten 80% bokmålsbrukarar kring meg på Marienlyst og har ungar som har det som hovudmål. Litt nynorsk klarer eg likevel å flette inn, både indirekte og direkte. Eg spurde sonen min kvifor det gjekk så bra på tentamen i sidemål? Då viste han stolt fram sitt hemmelege våpen – han hadde sjølvsagt på seg ein lvar Aasen-boxershorts.

Poenget er at ein må vere dobbelt så bevisst på spåket for å ta vare på nynorsken. Det er fort gjort å svare på ein SMS på bokmål, eller sende ein epost på det som ikkje er mi målform. Men skal eg klare å bruke eit levande nynorsk må eg vere konsekvent, anten det handlar om eit FAU-referat i Oslo-skulen eller eit brev til leiaren i Årvoll Idrettslag.

Eg er så heldig å ha NRK som arbeidsplass. Det er ein fantastisk arbeidsplass der eg får bruke språket mitt og heile meg på fjernsyn, radio og nett. Og i dei 20 åra eg har jobba der har eg aldri opplevd ein einaste negativ reaksjon på at eg brukar nynorsk.

Eg skal likevel vedgå at eg følte meg litt åleine dei fyrste åra. Det var få å rådføre seg med, men dette har heldigvis betra seg no. Ei spesiell takk til Geirmund Henjum og Ole Rolfsrud for det.

For også i 2018 treng ein språklege fyrtårn. Visste dokke at serien "Heimebane" faktisk skulle heite "Hjemmebane"? Ja, det skurra noko voldsomt, men dette var planen til produksjonsselskapet som laga ein av NRK sine største dramasuksessar nokon sinne. Men takka vere Sunnmøre mållag, Vikebladet på leiarplass og ein pågåande språksjef i NRK tok dramasjon i NRK til fornuft. Og når sjølvaste tanta i Akersgata, Aftenposten, no har opna for å bruke nynorsk på redaksjonell plass so går verda framover.

Til slutt er det fleire eg vil takke. Fyrst begge mine favoritt-Magnyar som er i salen. Mamsa som gav meg den beste starten, og framleis er ei fantastisk god mor og vital dame i sitt 88 år. Og so Magni Øvrebotten som har vore ein språkleg bauta og den beste pitbullen nynorsken kan han.

Takk til kona mi, Cathrine, som er flinkare enn meg i det aller meste, inkludert nynorsk grammatikk. Takk til syskjena mine som er på plass her. Ola du er framleis flinkast til å skrive dikt. Takk til juryen.